



Arkivnr: 2015/3081-18

Saksbehandlar: Siri Hanson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.06.2016

Business Region Bergen. Rapportering til Hordaland fylkeskommune 2015.

Samandrag

Business Region Bergen fekk i 2015 kr 3 978 000,- i *Næringsretta partnerskapsmidlar* frå fylkeskommunen. Dette er i tråd med ny samarbeidsavtale frå 25.03.2015. I tillegg er det i 2015 gitt løyvingar til 4 prosjekt på tilsaman 2.7 mill kr.

Strategisk endring som er gjennomført i 2015 skuldast delvis dei reduserte økonomiske tilskota frå eigarkommunane. Den nye hovudstrategien/overordna målet er tiltak som på ulike måtar kan tiltrekke regionen arbeidsplasser og sikre at dei som alt er her satsar vidare («Invester i Regin Bergen»). Alle aktivitetar er knytt opp til å lukkast med dette. Internasjonalisering/utvalde delegasjonsreiser, marknadsføring/omdømebygging og næringsvenleg offentlig sektor, drift av etablerar-senteret, tildeling av støtte frå etablerarfondet og næringsarealportalen var dei viktigaste aktivitetane.

Denne saka gjeld rapportering av aktivitet i Business Region Bergen som grunnlag for ny løyving av *Næringsretta partnerskapsmidlar* i 2016. Det går fram av tilsegna at rapporten for 2015 skal vere godkjend før partnerskapsmidlane for 2016 vert tildelt.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune tek rapporten frå BRB om *Næringsretta partnerskapsmidlar* 2015 og opplysningane i denne saka til etterretning.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.05.2016

Rapporteringa er gitt med grunnlag i samarbeidsavtale 25.03.2015 og brev datert 21.april 2015 med tilsegn om kr 3 978 000,- i næringsretta partnerskapsmidlar for 2015. Det går fram av tilsegna at rapporten for 2015 skal vere godkjend før partnerskapsmidlane for 2016 vert tildelt.

BRB har vore gjennom ei strategisk endring i 2015. Endringane skuldast delvis reduserte økonomiske rammer. Den nye hovudstrategien er «Invester i Region Bergen»; det vil si å tiltrekke regionen arbeidsplasser og sikre at dei som alt er her satsar vidare. Alle aktivitetar er middel til å lukkas med dette.

Internasjonalisering/utvalde delegasjonsreiser, marknadsføring/omdømmebygging og næringsvennlig offentlig sektor, drift av etablerar-senteret, tildeling av støtte frå etablerarfondet og næringsarealportalen var dei viktigaste aktivitetane i 2015.

Aktiviteter i 2015

Etablerar-senteret

I 2015 arrangerte Etablerar-senteret i Business Region Bergen totalt 27 kurs og seks kompetanseprogram (ABC Etablering). Totalt 270 personer deltok på kurs i løpet av 2015, fordelt slik:

Det ble arrangert fire Treffpunkt (nettverksarrangement i løpet av 2015, to på vårsemesteret og to på høstsemesteret, med 200 deltakarar på totalt. Tema for 2015 var regnskap og forretningsmodell, innføring i elevator pitch, hvordan designe et servicekonsept og «networking». Treffpunktet ble holdt på engelsk i forbindelse med Global Entrepreneurship Week / GROW. BRB gjennomfører også 1-2-3 Etablering for eigarkommunane. I 2015 ble det kurs på Voss og Vaksdal. I tillegg til kurs og nettverksarrangement gjennomførte Etablerersenteret 224 veiledningstimer for gründere.

Etablerarfond Bergensregionen

BRB fekk i 2015 ansvar for Etablerarfond som skulle nyttast som støtte til etablerarar i Bergensregionen. Det blei tatt i mot 49 søknadar der 26 vart tildelt støtte; 19 frå Bergen, 2 frå Os, 2 frå Lindås, 1 frå Askøy, 1 frå Øygarden og 1 frå Vaksdal.

Marknadsføring og omdømmebygging

Nordhordland

I 2014 ble det satt ned ei arbeidsgruppe med mål om å jobbe med omdømmet for Nordhordland. Grappa besto av representantar frå Nordhordland Handverk- og Industrilag, Nordhordland Utviklingsselskap og Business Region Bergen. I 2015 ble arbeidet avslutta og arbeidsgruppa har utviklet en kommunikasjonsstrategi for å jobbe med omdømmet for Nordhordland, som er overlevert i Nordhordland Utviklingsselskap for implementering. Fleire Nordhordlands-aktørar har stått saman om «Jobbmessen i Nordhordland». Business Region Bergen har først og fremst bidrege med kompetanse på marknadsføring, profilering og kommunikasjon.

Aqua Nor 2015

Business Region Bergen la til rette for miniseminaret «Framtida for norsk laks» på Vestlands-standen under Aqua Nor 2015. Miniseminaret gjekk på engelsk og samla mange tilhørarar. Frank Nilsen hadde foredrag om lakselus forskinga ved UiB, Per Grieg i Grieg Seafood og Kjetil Hestad ordførar i Tysnes, presenterte utfordringane når det gjeld areal for oppdrett sett frå næringa og frå kommunane sin ståstad. Kristine Gramstad i Marine Harvest presenterte konsekvensar av ASC-sertifiseringa for lakseproduksjonen.

Nor-Shipping 2015

Under Nor-Shipping 2015 stilte Maritime Bergen for første gang med eigen paviljong. Saman med ei rekke andre regionale aktørar, deltok Business Region Bergen for å få i stand arrangementet og då særleg med kommunikasjonsarbeid for standen.

«Invester i Region Bergen»

Konkrete aktivitetar innafor «Invester i Region Bergen» er knytt til oppsøkande sal og «på staden-service» for interessentar. Kritiske suksess faktorar er knytt til tilgang til aktuelle prospekt og handteringa av desse.

Kontakt mot kommunane knytt til bedriftsetablering blant anna gjennom tilrettelegging av areal og nødvendig planarbeid. BRB er også regionalt kontaktpunkt for Innovasjon Norge sitt «Invest in Norway».

Internasjonalisering

BRB organiserer delegasjonsreiser på vegne av og i samarbeid med ulike næringsklynger i Bergensregionen. Det har vore jobba med samhandling opp mot konkrete prosjekt i regionen og ulike samarbeidsavtaler og det er kontinuerlig arbeid for å få ei tettare samhandling mellom aktørane på Vestlandet og i resten av Norge.

I 2015 organiserte BRB to delegasjonsreiser. Reise til OTC Houston 2.-7. mai ble gjort i samarbeid med HOG Energi, NCE Subsea, Bergen Næringsråd og Greater Stavanger. Det ble gjennomført seminar, bedriftsbesøk og det blei lagt til rette for å knytte nye kontaktar. Ordførar i Bergen kommune var delegasjonsleiari. Totalt var det 64 personer frå vår region og disse representerte maritime selskap, leverandørar til oljesektoren, industri/offshore, shipping og banker. Delegasjonsreise til Seafood Expo i Brussel blei arrangert for fjerde gong av Business Region Bergen og Fiskeriforum Vest. I 2015 var det ny deltakarrekord med 44 påmeldte.

Næringsvennlig offentlig sektor

Revisjon av Strategisk Næringsplan ble gjennomført i 2015 og førte fram til vedtak av planen hos eigarane våren 2015.

BRB har fokus på tilrettelegging av næringsareal og har arbeidd med «Arealguiden» og gitt støtte til interkommunale næringsarealplaner. Endelig plan for Os, Fusa og Samnanger vart vedtatt i 2015, arbeid med plan går føre seg for Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. Næringsareal er ein del av den overordna Samfunns- og næringsplanen for Nordhordland. BRB har deltatt i styringsgruppa for arbeidet. Vidare har BRB deltatt i næringsplanprosesser og andre relevante planprosesser i kommunane og fylkeskommunen, m.a. revisjon av Handlingsprogram for Næringsutvikling i Hordaland - HNH.

Academia Europea knowledge hub Region Bergen (AEkhRB). BRB har hatt ansvar for koordinering og sekretariatsfunksjon for AEkhRB.

Strategisk Næringsplan

Etablere «Invest in Region Bergen» er ein vedtatt hovudstrategi for BRB. BRB har fått midlar frå HNH for å etablere nødvendige (IKT-)verktøy og skaffe fram informasjon for å etablere eit fungerande «innflugging selskap». Dette arbeidet fortsetter i 2016.

Samarbeidet med klynge- og nettverks-organisasjonane var viktig i 2015.

Det er etablert ei årlig SNP samling i august / september for oppsummering av status. For 2015 var denne samlinga 26. august. Rapport om status for tiltaka er distribuert til kommunane og fylkeskommunen. Ny samling blir 15. september 2016. På dette møtet legger vi opp til innspel på nye tiltak som bør med i den nye tiltaksdelen som vil tre i kraft i løpet av 2017.

Synlig kontormiljø for regionale utviklingsaktørar

Prosjektet «samlokalisering/kontorfelleskap for regionale utviklingsaktørar» som vert leia av Hordaland fylkeskommune, er i gang. Prosjektet kartlegg behov for lokal hos m.a. anna nettverks- og klyngeorganisasjonar, kva lokalar som er eigna og kva lokalar som er tilgjengelege. Prosjektet skal levere ein mulighetsstudie våren 2016.

Økonomi

BRB er i utgangspunktet finansiert gjennom basisfinansieringen frå eigarkommunane. Askøy kommune som i 2014 ville trekke seg ut av BRB, har endra sine vedtak og er igjen med som eigar. BRB har etter søknad i tillegg fått tildelt prosjektmidlar frå fylkeskommunen.

Driftskostnadene i 2015 blei på NOK 15 419 337,- mot kr 16 155 069 i 2014.

Business Region Bergen hadde i 2015 inntekt på totalt kr 15 848 854,- mot NOK 16 508 730,- i 2014. Dei største postane er kr 12 972 300,- i tilskot frå eigarane (HFK kr 3,978 mill, Bergen kommune kr 7,925 mill og andre kommunar kr 1,069 mill). Kr 1 405 173,- var prosjekterelaterte inntekter frå eigarane og kr 885 083,- i prosjekterelaterte inntekter frå andre. Årsregnskapet er gjort opp med eit overskot på NOK 439 946, mot eit overskot på 2014 på NOK 698 583,-.

I tillegg er det i 2015 gitt løyvingar til 4 prosjekt på tilsaman ca kr 2.7 mill. Dette er:

Etablerarfond for Bergensregionen	1 321 000
Academia Europaea Knowledge Hub Region Bergen	191 408
Invest in Region Bergen 2015-2017 - Forprosjekt	750 000
Etablereropplæring i Bergensregionen 2015	413 000

Det vises elles til vedlegg i saka.

Vedlegg:

1. Næringsretta partnerskapsmidlar 2015. Rapport til Hordaland fylkeskommune datert 22. mars 2016 (med gjennomgang av status for SNP; tiltaksdelen)
2. Årsrekeskap 2015 for Business Region Bergen.
3. Revisors beretning 2015
4. Styrets beretning 2015